

Pause i Lørdagscafèen på Oska.

13.04.2016



Frå ein Lørdagscafè som var svært godt besøkt.

Roy Lervåg er ferdig med ferien sin, og no er han klar for ein travel og spennande sesong på Oska. I morgen er det klart for komletorsdag att, og Lervåg konstaterer etter feriering i Tyskland der diverse potetdumpingar er utprøvd at ingen slår vestlandskomla, ball, potetball, klubb osv.

Som vanleg er komlebuffeet klart kl.15, og då kan gjestene forsyne seg av lammekjøt, svinekjøt, bacon, korv, kålrot og sjølvsagt 'hovudpersonen' KOMLA. Middagen varer i alle fall fram til kl.18.

Lervåg melder også om at det vert ei endring på laudagane. Sjølv om det har vore godt besøk enkelte laurdagar, har interessa jamnt over vore for laber. Derfor har han beslutta å venta med cafèen til sommaren nærmest seg litt meir. Lervåg har svært god tru på den, og både han og gjestene har fått erfart at det kan vera svært koseleg på dette tilbodet. Han legg derfor til at det ikkje skal mykje til for at han opnar. Dersom det er ein gjeng på meir enn 10 personar som vil samlast på dagtid, og kanskje ta med strikketøy eller andre aktivitetar, så er det bare å gje han ei melding så ser han kva han kan gjera.

Søndagsmiddagen er som vanleg klar kl.15, og denne søndagen vert det servert kalvefrikassè og dessert.

Utover i månaden vert det både svært spennande konsert(22.04) og film med coctail, men det kjem vi tilbake til.

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland